




Årsmelding 2016

2016 var det tiande heile driftsåret til Aardalens Venner etter skipinga i mars 2006.

Medlemmar i laget

Siste året har blitt prega av at leiaren og «motoren» i vennelaget, Jan Hammersvik, vart sterkt skada i ei sykkelulukke i Selje 6. juni.



Dette førte til at dei andre i styret måtte ta over, ikkje så enkelt når fleire var nyvalde.

Sidan 2012 har medlemstalet i vennelaget avteke, kanskje mest pga. at ein tidlegare tok direkte kontakt med tidlegare medlemmar pr. post for å be om fornya medlemskap. Seinare har dette skjedd pr. e-post og SMS for å minske kostnader og arbeid, og resultert i at betalande støttemedlemmar i 2016 er så lavt som 12.

Styret vil måtte arbeide for å auke tal støttemedlemmar igjen. Sjølv om medlemskontingenten gjev lite bidrag til drift og vedlikehald, er støtte i lokalsamfunnet og frå personar som har tilknytning til Årdalen, viktig for arbeidet vidare. Takk til alle som støttar arbeidet!

Styret i Aardalens Venner

Etter at styret på fem personar hadde vore nesten uendra sidan oppstarten i 2006, var det eit visst behov for fornying. Tre nye og yngre personar vart valt inn i styret i 2016:

- Jan Hammersvik, leiar
- Wenche Leknesund, nestleiar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Magnar Osmundsvåg, styremedlem
- Tormod Austring, styremedlem

Varamedlemmar:

- Siw Fure
- Terje Hovden, fung. kasserar 2016
- Atle Nøstdal

Styret har hatt berre eitt konstitusjons- / styremøte.

Det har vore positivt med ei fornying i styret. Dei nye

er også med i andre viktige tiltak i bygda, noko som er viktig for å ha godt samarbeid med andre organisasjonar for felles beste. God framdrift i attståande arbeid krev også nye krefter.

Økonomisk støtte

Siste året har vennelaget motteke kr 810,- i godtgjersle frå Landbruksdepartementet i samsvar med skjøtselsavtala med Fylkesmannen.

Aktivitetar siste året

Aktiviteten vore avgrensa til dugnadsarbeid av nokre av styremedlemmane og nokre gode medhjelparar:

- 5.6.: Wenche og Siw deltok då eigarane skulle sjøsetje færing frå naustet på Rydjajorda
- 2.7.: Per slo kring huset
- 11.8.: Wenche oppretta «Facebook»-gruppe for Aardalens Venner. Det er også ei lukka gruppe for styret
- 17.8.: Magnar, Siw og Wenche tetta gliper i raftekassene for å hindre at små fuglar kom inn
- 24.8.: Wenche fekk med fleire damer for å skure golv, vegger og tak 1. etasje med grønsåpe
- Seinare har Tormod og Magnar vore på synfaring i Årdalen saman med Trude Knagenhjelm frå fylkesmannen. Dessverre vart det for seint å søkje om midlar for 2017



Vi håpar at det i 2017 blir råd å få gjort nødvendig vedlikehalds-/vølingsarbeid på kårhuset (røtskader mv.).

Økonomi

Resultatrekneskapan for Aardalens Venner er lagt ved på neste side. Både fylkesmannen og Statens Landbruksforvaltning har stilt seg positive til å støtte vidare arbeid på bygningane i Årdalen.

Til slutt

Alle gode krefter er velkomne i vennelaget for å ha god framdrift i vedlikehalds- og skjøtselsarbeid.

Minner om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapen til laget.

Selje, 12. februar 2016

For styret i
Aardalens Venner

Wenche Leknesund
nestleiar

Resultatrekneskap 2016

+ Rekneskapsperiode: 1.1. – 31.12. 2016

		Debet	Kredit
Inntekter:			
Medlemskontingent - enkeltmedlemmar	kr	2 000,00	
Fylkesmannen – tilskot skjøtsel	kr	810,00	
Renteinntekter	kr	13,00	
Utgifter:			
Utgifter i høve årsmøtet 2015	kr		840,00
Blomster	kr		249,00
Bankgebyr	kr		6,00
Sum transaksjoner 2016	kr	2 823,00	1 095,00
Differanse inntekter – utgifter i 2016	kr	1 728,00	

Status

		Pr. 31.12.-15	Pr. 31.12.-16
Behaldning brukskonto 3790 13 23209	kr	26045,54	27 773,54
Behaldning tilskotskonto 3790 13 97784	kr	3,00	3,00
Auke i kontantbeholdning 2016	kr	1 728,00	
	kr	27 776,54	27776,54

Selje, 10.2.2017

Terje Hovden
kasserer